

## Sustad (gnr. 61)

Suterastadir: Namn som kjem av sutari, skomaker. Eit merkeleg prov for dette har ein i manntalet for Gjengjerden 1528. Ein ventar i Fåberg å finne eit gardnamn Sudestad eller Suestad, i staden finn ein namnet "Andreas Skomagher". Skriveforma Sudestad er brukt i Stiftsboka av 1574-77. I lista over Bygningsskatt 1594 er namnet skrive Sudstad. Både desse gamle skriveformane tyder på at uttalen i bygdemålet har vore Sustad alt da. Dette at den vanlege uttalen i bygdemålet har vore Sustad opp gjennom hundreåra, gjer at vi i denne samantrengde saga åt garden brukar namnet Sustad også i skrift. Når namnet er familienamn, nyttar ein det som vedkomande brukte Suttestad ell. Sutestad.

Det er i stiftsboka av 1575-77 ein finn gardnamnet skrive Sudestad, og jordgods i garden til 3 skinn skyld låg da til Lillehammer-kyrkja. I lista over Bygningsskatten 1594 er gardnamnet skrive Soudstad, og garden vart da ført i gruppa for "Hallfue gaarde". Av lista over Tiendekorn 1604 går det fram at utlikninga på "Sudstadt" var 1½ td. som t. d. for Randgard, Presterud og Nygard. I 1610 finn ein namnet skrive Suderstadt, og brukaren heitte da Laurids. Året ette finn ein elles Laurits Suderstadt ført blant "Ødegaardsmendt". Som ødegårdsnamn er han og ført i 1820-21, men namnet er da skrive Lauras Sutestad. Etter manntalert over Kvergskatten 1657 var skrivemåten av namnet i den tid Sutestad, og brukaren der heitte Joen. Det er opplyst at husdyrhaldet på Sustad i 1657 var 2 hoppar, 9 naut 8 geiter og 10 sauer. I Mandkjønsmanntalet 1665 finn ein gardnamnet for første gong skrive Suttestad, og det er opplyst at den samla landskyld av garden da var 2½ hud. Brukaren heitte med familienamn Laurits Jensøn og var da 50 år.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der erdet om "Suttestad" fortalt at både Joen og Laurits var brukarar, men dei var både bygselbønder. Eigar av garden var i den tid "Borgermester Nils Lauridtzsens arffuinger" av 2 huder, og resten, 1 hud, var framleis kyrkjegods og låg til Lillehammer anneks. – Om garden og gardsbruket i 1668 er det elles fortalt engen, innmarka er "gandche Ringe", men det var skog til gjerdefang. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 12 naut, og korntienda vart utreidd med 1½ td. , som altså svara til ei årsavling på 15 tdr. Det går elles fram at garden enda ikkje hadde seter.

Frå 1690-åra er 3 skjøte som gjeld garden Sustad i Fåberg. Først gav den 12. juni 1694 commerseråd Lauridz Andersen Undahl skjøte på garden til Gudmund Knudsen. Den 21 septb. same året skjøte så Gudmand Knudsen garden Sustad av skyld 2½ hud vidare til oberst Reichwein. Oberst Reichwein hadde så garden i to år, men gav så skjøte til Lars Pavelsen av Fåberg på garden Sustad "av skyld 2 huder med bøxel over og ½ hud Lillehammer Kirkegods". – Seks år seinare fekk i år 1700 Lars Paulsen Suttestad bygselseddel av Kgl. Mayts. Foged på "1 løkke på Kvandahlen sæter i Kongens Alminding tilfjelds". – Men sju år seinare var Laurids Paulsen, som han da er kalla, død, og det var dødsbuskifte på "Suestad i Faaberg". Ved ette skiftet utgjorde buet brutto 182 rd. og netto 115 rd. Arvingane var forutan enka Eli Jonsdtr. dei 2 borna i ekteskapet. Av dei hadde sonen Kristen, som var eldst, da fylt 7 år. – Enka Eli Jonsdtr. gifta seg oppatt med Ole Tommesen, og dei fekk i sitt ekteskap barna Lauridz (Lars) og Ingeborg. Men i 1717 døde og Ole Tommesen Suttestad, og Eli gifta seg oppatt til sitt 3. Ekteskap med Peder Larsen.

Seks år seinare kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om grn. Sustad fotalt at han ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten er god, "dog noget tørlent". Det var framleis ingen skog til garden, menseter med god hamn og utslåttar til 6 lass høy. Høyavlinga i alt utgjorde kring 33 lass, og buskapen var da 3 hestar, 1 føl, 16 naut,

14 sauer og 11 geiter. Brukar på garden var framleis Peder Larsen, som saman med hustru Eli Jonsdr. åtte 2 huder i garden, men resten, den ½ hud, lå også da til Lillehammer kyrkje.

Same året, altså 1723, var Eli og Peder Sustad verte samde om å skifte med borna medan baa foreldra var i live. Ved dette skiftet vart arvingane samde om at sonen Lars Olsen av Elis 2. ekteskap skulle overta garden, som ved dette skiftet og i skjøtet som samtidig vart skrive, er kalla S u s t a d, truleg også da etter uttalen i bygda. Elleve år seinare fekk Lars Sustad også skjøte på dei 6 skinn jordgods i garden som Lillehammerkyrkja før hadde ått.

Lars Olsen Sustad, som han kalla seg, vart elles ingen gamal mann. Av eit skifte etter han på Sustad i 1757 går det fram at buet forutan garden Sustad også åtte ein del av Askelrud. Året etter gav så i 1758 enka Lisbeth Sustad med yngste born og arvingane deira skjøte til eldste son, Ole Larsen, på ”grd. Sudestad med Aschelsrud 2 huder 7 ½ skind for 520 rd.”

Lars Olsen og kona hans, Berit Halvorsdr., hadde 4 born. Det var: 1. Lars f. 1760, 2. Lisbeth f. 1762, 3. Eli, 4. Halvor. Men økonomisk gjekk det heller mindre godt på Sustad i deira tid, og ved eit skifte i 1789 utgjorde buet brutto 12 rd. og netto 2 dr. Av dette skiftet går det dessutan fram at dottera Lisbeth da var trulova med Halvor Paulsen Bårdseng, og at eldste sonen Lars, som da var 29 år, hadde overtatt og brukte garden.

Særleg av kyrkjebøkene går det tydeleg fram at det etter kvart var vorte fleire husmannsplassar under garden, og ikkje minst i Lars Olsen si brukartid var det og nokre rettssaker mellom husbonden og husmennene. Ei av desse sakene er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Sutestad i Faaberg.

10. okt. 1794.

Lars Suttestad har innstevnt sin husmann Rasmus Jensen Flingslot av at citanten har tilbudt ham forordningsmessig kontrakt om de plikter han skylder citanten og som de forhen har været. Innstevnte nekter opprettelse av kontrakten og er uteblitt med husleie og øvrige plikter. Rasmus Flingslot som ikke møter, laugdages til neste ting.

16. febr. 1795.

Innstevnte rasmus jensen, som aktet å vedbli på sin plass Flingslot for sin og hustrus levetid, begjærte saken utsatt til neste ting.

7. desb. 1795.

Lars Suttestad kontra hsns husmann Rasmus Flingslot.  
Dom i dompr. 2. Fol. 104.

Det er under denne sak nu kun spørsmål om de 4 rd. som citanten påstår å ha til gode hos innstevnte. Ifl. vidnernes forklaring har innstevnte tilstått å skylde citanten henved 4 rd. avgift for pl. Flingslot som han nu er fraflyttet. Ti kjennes for rett: Innstevnte Rasmus Flingslot tilpliktes å betale citanten Lars Suttestad 3 rd.72 skl. hvorved han frifinnes for videre tiltale i denne sak. Omk. oppheves.”

I Lars Olsen si brukartid kom og folketellinga i 1801. Det budde da 6 familiar på eller ved Sustad. Det var: 1. familie: 1. Lars Olsen, husbonden, 41 år, 2. Kari Hansdr., 35 år, 3. Berit Larsdr., dotter deres, 17 år, 4. Ole Larsen, son deres, 15 år, 5. Ole, son deres, 9 år, 6. Kristofer, son deres, 7 år, 7. Marit Larsdr., 4 år, 8. Anne Larsdr., 1 år, 9. Johannes Arnesen, tenestkar, 25 år, 10. Marit Mortensdr., tenestkvinne, 39 år, 11. Siigrid Paulsdr., tenestkvinne, 30 år, 12. Lars Jensen, knapmaker, landvernsoldat, 36 år. 2. familie: Engebret Iversen, husmann med jord, 58 år, 2. Kjersti Olsdr., kona hans, 48 år, 3. Ole Engebretsen, son deres,

18 år, 4. Anne Engebretsdtr., dotter deres, 14 år, 5. Gunnhild Engebretsdtr., dotter deres, 9 år, 6. Anne Iversdtr., søster til mannen, enke, 50 år. 3. familie: Christian Pedersen, husmann med jord, feldbereder, 50 år, 2. Marit Engebretsdtr., kona hans, 53 år, 3. Ingebor Christensdtr., dotter deres, 10 år, 4. Anne Jensdtr., føderåds kone, 83 år, 5. Marit Evensdtr., enke, ”går i dagleie”, 45 år. 4. familie: 1. Ole Nielsen, husmann med jord, 38 år, 2. Anne Pedersdtr., kona hans, 37 år, 3. Marit Olsdtr., dotter deres, 4 år, 4. Peder Olsen, son deres, 1 år. 5. familie: 1. Christen Larsen, husmann med jord, 38 år, 2. Berit Christensdtr., kona hans, 37 år, 3. Marit Christensdtr., dotter deres, 12 år, 4. Ragnhild, dotter deres, 9 år, 5. Ragnhild, dotter deres, 6 år, 6. Lars Christensen, son deres, 3 år, 3 år. 6. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, 36 år, 2. Anne Amundsdtr., kona hans, 41 år. 3. Berit Pedersdtr., dotter til kona, 13 år, 4. Peder Olsen, son til baa, 8 år, 5. Berthe Olsdtr., dotter deres, 5 år, 6. Ingebor Olsdtr., dotter deres, 2 år.

Same året som folketellinga var, lånte Lars Suttestad 599 rd. av klokkar Bjørnsgård. Frå denne tid ser det elles ut til at den økonomiske stilling på Sustad atter var i betring. – Frå denne tid er og ei anna sak mellom husbonden Lars Olsen og ein annan av husmennene. Her er dessutan nemnt namnet på ein annan av husmannsplassane under Sustad. Domen i saka, som også elles kan vera av interesse, har etter utskrift denne ordlyden:

”Sutestad i Faaberg.

Den innf. i domnr. 3 og 45:

Lars Suttestad søker Christian Pedersen til å fravike en han overlatt plass, Pinen, under grd. Sutestad, på grunn av at han selger og lader bortføre hele plassens avling. Innstevnte har ikke motsagt søksmålet, men da feste av jord ikke forbrydes uten i mangel av landskylds betaling, skogenes uthugning til uplikt og uteblivelse med tredje års tage, så kan innstevnte ikke utvises av plassen. Derimot er han pliktig til å betale skadeserstatning for avlingens bortførelse. Ti kjønes for rett: Christian Pedersen bør betale Lars Suttestad 3 rd. i skadeserstatning og 15 rd. i saksomkostning. Dessuten betaler Christian Pedersen 1 rd. 52 skl. til Justitskassen for unødige trette og 10 rd. til Fattigkassen for ikke å ha benyttet erholdt utsettelse i saken.”

Same året vart og husmannen Anders Larsen dømt til å ryddiggjera og flytte frå plassen Sletten og å betale husbonden Lars Suttestad 10 rd. i saksomkostningar. – Ei anna retts sak frå denne tid gjeld ”tyvsarrestanten” Ole Pedersen. Det var spørsmål om han hadde vore på Sustad og på eit ”Faaberg marked” som er nemnt i saka.

År 1816 er det atter brukarskifte på Sustad i Fåberg. Enka, Kari Hansdtr., visstnok frå Vinjar i Nordre Land, gav da skjøte til sonen sin, Hans Larsen f. 1787, på grd. ”Suttestad” for kjøpesum 2000 spd. + føderåd. I samband med overtakinga av garden lånte kjøparen 450 spd. i den nye Norges Bank mot pant i Sustad.

I 1819 kom og det lokale matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Sustad fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 5 hestar og 28 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde ca. 80 tdr. Det er elles opplyst at det framleis var 5 husmannsplassar til garden.

Året 1822 skulle bli ei trist tid på garden Sustad: Den 15. april same året spurdest det at husbonden Hans Larsen hadde drukna i Aksjøen, og at liket hans ikkje var å finne. – Året etter var det den 14. juli 1823 avsluttande skifte etter Hans Larsen. Ved dette skiftet vart garden Sustad taksert for 2400 apd., og dødsbuet utgjorde brutto 3338 spd. og netto 1175 spd.

Arvingane ved skiftet var, forutan enka Anne Monsdr., dei to borna i ekteskapet. Av dei var Lars da 3 år og Mons 1 ½ år. I skiftebrevet er det samtidig tinga innløysingsrett til garden for den eldste sonen, Lars Hansen.

Enka Anne Monsen gifta seg oppatt med Jens Andersen, som ved matrikuleringa av gardane i 1839 brukte Sustad og vart innført som oppsittar der. Samtidig var det og justering og omrekning av matrikkelskylda til ny skyld uttrykt i mark og øre. Ved denne justeringa vart den nye matr.skyld av Sustad sett til 13 skylddalar 3 ort 7 skilling. - Frå fem år seinare er eit tinglyst makeskifte mellom Jens Andersen og Lars Hansen Suttestad om gardane Sustad og Hindklev. Lars Hansen tok da over og vart eigar og brukar av Hindklev. – Året etter gav i 1845 Jens Andersen på Sustad grunnseddel på eit stykke jord av garden til korpselege Wetlesen, eit stykke som elles seinare gjekk inn i Lillehammer byområde. Her bør og nemnast ei tinglyst kvittering dat. 22. april 1850. Det var da dei to brørne Lars Hansen Hindklev og Mons Hansen Suttestad gav stedfar sin Jens Andersen den rosande kvittering at dei utan atterhald hadde mottatt ”fuld Rede og Rigtighet for den tilfaldende Arv efter deres Moder Anne Monsdr. Suttestad, hver med 700 spd. m. m.”

I 1850-åra gav Jens Suttestad husmannskontrakt til fleire av husmennene sine. I 1855 fekk såleis Ole Olsen husmannskontrakt på det halve av plassen Vatningsveen, same året fekk og husmannen Ole Erlandsen kontrakt på pl. Nysveen, og Jon Hansen fekk i 1859 kontrakt på bruket Sletta. – Året etter gav Jens Suttestad leigekontrakt til dreiermester G. Larsen på plassen Pineløkka, og etter atter eit år fekk Engebret Kristensen husmannskontrakt på eit husvære Nysveen under Sustad.

Jens Andersen brukte garden sjølv til i 1864. Da gav han skjøte til svigerson sin, Even Johannesen Homb, på grd. Sustad for kjøpesum 3000 spd. og div. inventar for 1000 spd.+føderåd av 5-årleg verdi for 400 spd. Samtidig gav Even J. Homb ”avkald for al tilkommende Arv efter sine Svigerforeldre paa Gaarden Suttestad”. Året etter var det i 1865 den nye eigaren Even J. Homb som gav kontrakt til ein av husmennene sine, Andreas Pedersen, på ”en Plads Vatningsveen kaldet”.

År 1865 vart det i samband med folke- og jordbrukstellingane publisert fleire nye opplysningar om gardane. Etter dei er det om Sustad fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i alt utgjorde 457 mål, og av dette var 180 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare fortalt at husdyrhaldet på sjølve garden Sustad utgjorde 5 hestar, 22 naut, 7 sauer og 17 geiter, men dertil var det på husmannsplassane under garden tilsaman 10 kyr, 17 sauer og 4 geiter. Først på same måten var utsæden i den tid på sjølve garden Sustad: 1 td. rug, 5 tdr. bygg, 3 tdr. blandkorn og 12 tdr. settepoteter, men dertil vart det på husmannsplassane sådd og sett årleg tilsm. 5 ½ td. korn og 5 tdr. poteter.

Frå 1870-åra er det 3 tinglyste kontraktar som gjeld grd. Sustad. I 1873 ver det såleis ei ”mindeleg overenskomst om den fremtidige Grænselinje for Havning m. m. paa Sætrene Snulteren og Hornsjøen”. To år seinare gav i 1875 husbonden E. Homb på Sustad leigekontrakt til kjøpm. G. A. Thallaug for levetida hans på bruksretten til den såkalla ”Suttestadvig”. Om grensene for Indre Hammershagen handlar derimot ei tinglyst semje mellom eigarane av Sustad, Sorgendal og Lillehammer kommune. Vidare er frå 1881 ei forpaktningkontrakt til Lillehammer Dampsag og Høvleri om bruk av ein jordstrekning også ved Suttestadvika.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – I denne nye matrikkelen vart gardnamnet skrivne Sutestad, og den samla reviderte skyld av garden vart sett til 23,14 mark. Det var enda berre eitt bruksnummer under gardsnummer 61 Sutestad, og eigar og brukar av garden var framleis Even J. Homb.

Av år 1895 er eit tinglyst dokument om sagbruket ved Suttestadvika. M. Landgaard & Co selde da til G. A. Thallaug 1/3 og til O. A. Larsen 1/6 av Lillehammer Dampsag og Høvleri for kjøpesum 20000,-. Året etter var det i 1896 skylddelingsforretning på Sustad, og den grunn som Otta-Sel-banen da eksproprieerte, vart skyldsett til 1 mark, og parsellen fekk samtidig bruksnr. 2 Statsbanene under grn. 61 Sutestad. – Om Nyhus & Brofos Bruk handlar ei tinglyst sak av 19. novbr. 1898. Even J. Homb gav da grunnleigekontrakt til bruket på ei tomt ved Mjøsstranda stor 35,8 ar mot årleg avgift kr. 147,40 og pant i bygningar og innkjøpt tømmer.

Seks år seinare gav i 1904 Rolf Børke som fullmektig for Even Hombs arvingar skjøte til Jens Evensen Homb på desse eigedomane: Grn. 61, brn. 1 Sustad med Nyhus (62-1), Skog av Lillehammer (60-3), Holtliengen (70-3) og Svendsrudengen (71-5) for kjøpesum tilsm. kr. 49000,-.

Etter det kommunale mantal for 1907 budde det da tretten menneske med stemmerett i Fåberg på eller ved garden Sustad. Det var: 1. Gardbr. Jens E. Homb, 31 år, 2. Hustru Eli Homb, 26 år, 3. Husmann Johannes Hansen, Nysveen, 44 år, 4. Mari Hansdtr., kona hans, 43 år, 5. Husmann Peter Andreassen, Vatningsveen, 46 år, 6. Husmann Kristian Olsen, Vatningsveen, 53 år, 7. Husmann Simen Johansen, Storsveen, 32 år, 8. Anne Johansen, kona hans, 31 år, 9. Bademester Kristian O. Roterud, 34 år, på Sustad, 10. Baneform. Ludvig Larsen, 49 år, på Sustad, 11. Arbeidar Ole Kristiansen, Vatningsveen, 26 år, 12. Inspektrice Hanna Bjørn, 50 år, på Sustad, 13. Kokke Marie Grinaker, 40 år, på Sustad.

Av handlar med garden eller parsellar av garden i seinare tid tar vi elles med at i 1906 hadde Jens Homb gitt skjøte til "Selskabet for Lillehammer Bys Vel" på ein parsell brn. 3 Maihaugen av skyld 0,27 mark for sum 4700,-. I 1909 gav Jens Homb kontrakt til Johan Johannessen Larsen på eit jordstykke "stort 1350 kv. Alen og den Gamle Hovedvei over Tomten for årlig Afgift kr. 15,40." Ti år seinare gav i 1919 Jens Homb skjøte til Nymo Bruk på parsellen brn. 13 Brukslia av skyld 1,55 mark, og Nils Mæhlum kjøpte i 1920 gnr. 61, brn. 14 og 15 tomtegrunn. Tre år seinare kjøpte i 1923 Einar Larsen brn. 25 Solli søndre og brn. 27 Solli Nordre. Einar Larsen kjøpte sama året brn. 26 Bukkely, og brn. 28 Nordre Flaten og brn. 29 Søndre Flaten vart i 1925 selt til Hans Rusten. Lillehammer Kommune kjøpte i 1925 brn. 30 Tennisplass I og i 1929 brn. 33 Tennisplass II, og seinare kjøpte i 1935 Lillehammer Rideklubb brn. 36 Ridebane og brn. 37 Ridebane, og Mathias Dahl tilhandla seg i 1935 brn. 39 Dalheim av skyld 0,04 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 48 bruksnummer under gardsnummer 61 Sutestad. Av desse mange bruksnr. var det likevel berre 3 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 61, brn. 1 Suttestad med eit jordbruksareal på ca. 250 mål, som Even Homb framleis var eigar og brukar av, b. Brn. 1 Nepsveen, areal ca. 20 mål, eigar Even Homb, brukar Adolf Landgraff, c. Brn. 4 Storsveen, areal ca. 20 mål, eigar Jens Homb, brukar S. Storsveen.